

Hjelmeland Røde Kors

Året 2016 har vore eit hektisk og innhaldsrikt år for Hjelmeland Røde Kors. Me skal her prøva å dra fram ein del hendingar knyta til vår aktivitet, og som me tykkjer det er viktig at årsmøtet er informert om. Me ynskjer i år spesielt å trekkja fram hjelpekorpsset litt ekstra, på grunn av både aksjons-messige og vaktmessige forhold. Sjølv om det i periodar har vore hektisk, har me fått løyst alle oppdrag og vakter på ein god måte. Dette kan me takka våre engasjerte, dyktige og positive medlemmar for.

Me er, og tek sikte på å halda fram som, den viktigaste og føretrekte leverandøren av søk, redning og sanitetsvakttenester i Hjelmeland Kommune.



Gjennom året som har gått, har medlemmane våre som sagt vore ein fantastisk ressurs. Dei har gitt umåteleg store mengder av si fritid for å oppretthalde beredskapen både i Hjelmeland, og nabokommunane. Det er også gledeleg å sjå at medlemsmassen har auka jamt og trutt gjennom året. På tampen av 2016 fekk me rekruttert 5 nye medlemmar til hjelpekorpsset!

Styret

Gjennom året har styret gjennomført 9 styremøter og behandla 48 Saker. Samarbeidet i styret har vore svært godt.

Styret i 2016 har hatt følgjande samansetning

| | |
|-----------------------|----------------------|
| Leiar: | Terje Ove Breiland |
| Nestleiar: | Geir Ove Meland |
| Administrativ leiar | Solveig Ask |
| Operativ Leiar | Lars Martin Riskedal |
| Styremedlem | Tonje Flatø Nessa |
| Styremedlem/samband | Thomas Tjeltveit |
| 1. Varamedlem/teknisk | Tor Ottar Laugaland |
| 2. Varamedlem | Rune Jansen |

Dagleg leiar i Hjelmeland ambulanse er Åsmund Tuntland

Valnemda har bestått av Tone Tjelmeland og Annbjørg Breiland Egeland

Medlemar

Me har ein stabil, men veksande medlemsmasse. I 2016 har me prioritert å senda dei som ynskjer det på vidaregåande kurs. Me legg og opp til å vidareutvikla medlemmane ytterlegare i 2017, slik at me får endå fleire ressurspersonar som kan bidra i framtida.

Me er heldige i Hjelmeland – Fleire av medlemmane er vener og bekjente i tillegg til at dei sit på mykje nyttig lokalkunnskap. Det meiner me gjer oss godt rusta til å løysa oppdrag, vakter og aksjonar på ein løysningorientert og handlekraftig måte.

Aksjonar og beredskap

Primærområdet vårt er, og vil vera i Hjelmeland. Men me deltek også på ein del aksjonar i nabokommunar, samt meir tidkrevjande aksjonar rundt om i fylket. I 2016 rykka Hjelmeland Røde Kors ut på 12 aksjonar, som vert beskrivne kort under. Me har greidd å stilla med tilstrekkeleg kvalifiserte mannskapar og kjentmenn på samlege av desse, slik at oppdraga vart løyst på best mogleg måte. Oppmøtet på aksjonane er stort sett godt, og me er raskt på plass med kvalifiserte mannskapar som kastar det dei har i hendene når det gjeld. Det er me stolte av.

Når det gjeld kompetanseutviklinga i Hjelpekorpsset vil det vera fokus på å vera oppdaterte. Det er utfordringar knyta til å ha med seg «mannen i gata» på aksjon. Det vert difor svært viktig i framtida å fortsetja rekruttera lokale ressurspersonar og kjentmenn som er rusta for å kunna bidra til vårt virke. Under kjem gjennomførte aksjonar frå 2016.

Karmøy 10.01.16

Sakna person - Hjelmeland
RKH hadde eit mannskap i søk frå 23:30 fram til 06:00 neste morgon. Mannen vart seinare diverre funnen omkomen.

Suldal 13.03.16

Sakna person - Gullingen,
Suldal - Hjelmeland RKH hadde 7 mannskap i søk og på veg. Alarmen gjekk 04:00 og vi vart dimittert 08:00.



Hjelmeland 08.06.016

Sakna person(ar) - To personar vart meldt sakna etter at dei ikkje hadde komme ned frå tur i heia. Dei skulle ha komme ned 07.06.16, men hadde ikkje meldt frå om endringar i planane. Alarmen gjekk om lag 15:00, etter ein del telefonar for og skaffa informasjon om dei sakna. Etterkvart fekk vår aksjonsleiar telefonisk kontakt med dei sakna, som viste seg å vera på veg ned frå heia for eigen maskin. Vi avslutta difor aksjonen. Det var 6 mannskap på veg til søk då denne aksjonen vart avslutta.

Jørpeland 30.06.16

Sakna person – Vi vart kalla ut etter at ein dement person var sakna. Vakhavande leiar kalla ut tilgjengeleg mannskap, men personen vart funnen etter 25 min. Aksjonen vart avblåst for vår del medan vi var på veg i retning Jørpeland.

Suldal 28.07.016

Sakna person i Suldalsheiane – Person som hadde gått seg vill på tur. Me hadde 7 mannskap ute på aksjonen frå 04:25 til 07:25.

Årdal 12.09.16

Brannskadd person øst for Viglesdalen - Me rykka kjapt ut med 7 mannskap, bil og båt som var på veg. Oppdraget var eit henteoppdrag for AMK, då seakingen ikkje kom inn grunna rådande verforhold. Heldigvis for pasienten endra verforholda seg slik at Sea king kom inn til skadd person likevel, og personen vart spart for ein lang og smertefull tur på bære. Personen blei flydd til Haukeland sitt brannskademottak.

Suldal 06.10.16

Sakna person - Me rykka ut med 2 mannskap klokka 18:30 og returnerte 20:30 etter at sakna person vart funnen.

Vormedalen 07-08.10.16

Sakna person - Me fekk alarm 21:30 om ein sakna person som ikkje var kommen heim att til avtalt tidspunkt. Vi stilte med 10 mannskap som gjekk opp til Melandsgrønahei. Aksjonsleiar valte å dela mannskapane i to lag som gjekk inn via to forskjellige vegar/stiar som var aktuelle. Eitt av laga fann personen 04:15 på hytta. Lag 2 kom opp til hytta 04:20. Første lag var nede på Kleivaland 08.30 og resterande kom ned 09:30. Sakna person fekk låna naudnett-terminal for å varsle sin familie.

Suldal 24-25.10.16

Sakna person – Vi fekk alarm 21:00 om sakna person. Tre mannskapar rykka ut og var framme i Suldal 22:30. Laget frå Hjelmeland hadde med seg hund på laget, og den gjorde funn etter eit par timar i søk. Me fekk personen ut av terreng og ned til ventande luftambulansse. Laget returnerte til Hjelmeland etter dette. Laget var på Hjelmeland igjen 07:00 25.10.16.

Årdal 30.10.16

Sakna person - Me vart varsla klokka 23:30 om sakna person som ikkje var kommen tilbake etter tur. Me rykka ut med 7 mannskap, men 23:54 kom personen tilbake av seg sjølv. Aksjonen vart då avslutta.

Forsand 13.11.16

Sakna person – Vi blei kalla ut for å bistå Norsk folkehjelp i søk etter sakna person på Meling. Vi rykka ut me 3 mannskap klokka 08:42. Dei kunne snu etter at det vart gjort funn av person 10:36.

Årdal 09.12.16

Sakna person - Klokka 19:32 blei me førehandsvarsla om at ein person var sakna i Årdal. Rett etterpå slo me alarm og kalla ut mannskap. Søket starta raskt og NF Strand og Forsand kom også med mannskap. Totalt var me om lag 30 mannskapar i søk.

Etter eit par timer i søk så fann me diverre den sakna personen omkomen. Under aksjonen opna bensinstasjonen GEA og laga mat til søksmannskap, øvrige frivillige og stadleg politi. Klokka 01:30 blei søksmannskap dimittert. Nokon mannskapar var igjen for å bistå politiet med transport av den omkomne ut av terrenget. Desse blei dimittert 03:00. Trass i dei tragiske omstende, var aksjonen prega av godt oppmøte, samt god samhandling mellom deltakande aktørar.

Øvingar

Me deltok i 2016 på fullskala skredøving i Suldal. Der var mange aktørar representert, i tillegg til at me arrangerte ei vassrednings-øving her i Hjelmelandsvågen i samarbeid med Suldal RKH og Redningsselskapet. Begge øvingane gav oss verdifull erfaring, ein del forbedringspunkter, og mykje motivasjon til å fortsetja med vårt beredskapsarbeid!



Vinterteneste

Vinteren 2016 har me hatt avtale med grunneigarar frå Fårevatnet til Kaldavatnet og vidare til Gjessfjell om løypekøyning. Me har før helger og høgtider, når snøforholda har gjort det mogleg, køyrd opp ei løype på ca. 5 km. Denne vart av mange brukt både til trening og anna turgåing. Løypekøyninga har og vore ei kjærkomen trening for aktive medlemmer med skutersertifikat, som jamt må trenast på skuterkøyning for å vera skikka til køyning på aksjon. Løypa vart oftast oppkøyrd på kveld og nattetid. Løypekøyninga vart i 2016 finansiert av egne midlar, då me såg at den gav svært god eigentrening, og var til stor glede for både innbyggjarar og tilreisande.

Gjennom vinteren stilte me også med mannskapar for å bistå Suldal RKH si gjennomføring av vinterteneste ved Mosvatnet på Gullingen. Dette erstattar den gamle vintertenesten me hadde på Vassdalstjørn. Det er ynskeleg å halde fram med denne ordninga.

Kjentmannskøyring

Helga før påske var 6 av våre medlemmar på kjentmannstur til Vassdalstjørn og Hovatn saman med Trond og Solfrid Laugaland. Dette er ein del av avtalen me har med vernemyndigheitene våre. Det er nyttig for å veta litt om Blåsjøen og rasfarlege stader i området der me kan måtta ferdast under rednings- og leiteaksjonar.



RØFF-Hjelmeland

RØFF-gruppa (Røde Kors Førstehjelp og Friluftsliv) har gjennomført to arrangement 2016: Aktivitetsdag ved Breilandsvatnet torsdag 2. juni og grøssartur til Trodla-Tysdal 8.–9. oktober.

Stikkord for aktivitetdagen ved Breilandsvatnet var kanopadling, bading, grilling, rapellering, drøs og sosialt. Det var ca. 10 ungdommar som deltok, saman med fire vaksne aktivitetsleiarar. Det blei ei fin kveldsstund med både opphald og sol, og eit variert utval av aktivitetar.

Etter ein pause i 2015 var det igjen klart for grøssartur til Trodla-Tysdal i samarbeid med Hjelmeland ungdomsråd, og med økonomisk støtte frå kulturseksjonen i Hjelmeland kommune. For å gjera turen endå kjekkare for deltakarane og meir oversiktleg for aktivitetsleiarane, sette me i år den øvre grensa for deltakarar til 21, då med tre deltakarar per aktivitetsleiar. Dei små justeringane frå tidlegare år gjorde turen til ein suksess, og overskotet blei delt mellom ungdområdet og RØFF-gruppa.

I samband med «Finn fram»-dagen på Bjødnabu 29. mai stilte Anne Kari R. Breiland og Madelen W. Langvik frå RØFF-gruppa opp for å demonstrera hjarte- og lungeredding. Morten Hetland var òg med som rettleiar for ungdommane.

Tysdag 11. oktober, i haustferien, var det planlagt ein aktivitetsdag med tur frå Bjødnabu til Pundsnes, men sidan berre éin deltakar møtte opp, blei turen avlyst.

Morten Hetland er hovudansvarleg for RØFF-gruppa, og har det overordna ansvaret for aktivitetar, aktivitetsleiarar, ungdomskontaktar og økonomi, i tett dialog med styreleiar. Ungdomskontaktar for RØFF-gruppa var i 2016 Bjørn Olsen, Madelen W. Langvik og Anne Kari R. Breiland. Desse har hjelpt til med planlegging og avklaringar i ei lukka Facebook-gruppe saman med Morten, samt vore med på éin planleggingstur 8. mars til Einars kvile opp av Hetlandsvatnet på Fister.

Andre aktivitetar

I mars sendte me ut førespurnader til lokale bedrifter i forbindelse med premiar til bingo. På bingokvelden vart det trekt ut vinnarar blant alle som har gått til dei ulike turpostane, som Hjelmeland røde kors har ansvar for. Njål Hetlelid har vore ein god medhjelpar som har lagt ned mykje tid turpostarbeidet. Hjelmeland Sparebank bidrog med hovudgevinstar på bingoen og finansierte nye turpostkassar. Ei stor takk til alle bedriftene som støtta oss med bingopremiar!

Sanitetsvakter og andre vaktoppdrag

Gjennom året har me delteke på 18 sanitetsvakter.

Badevakter i Hjelmeland symjehall:

Samarbeidet med helselaga har fungert bra. Me har hatt ansvar for å stilla med kvalifisert badevakt kvar tredje helg i haust- og vinterhalvåret, og for å halda øvrige badevakter godkjende og kvalifiserte. Anlegget vert nytta av skuleklassar, og til babysymjing.

Norsk frukt- og laksefest 2016

Norsk frukt- og laksefest er den helga i året der Hjelmeland Røde Kors har desidert flest gjennomførte dugnadstimar. Me er til stades både dag og natt.

På dagen stod me på stand ved inngangen, og streifvakter patroljerte blant dei som besøkte messa. Sju personar deltok på dagtid. Me fekk og vist fram beredskapsbilen vår, som mellom anna vart brukt til transport av utstyret som frukt- og laks lagrar på samfunnshuset.

På vågadansen laurdagskveld stilte me med 11 sanitetsvakter, ein vaktkoordinator og to dykkerar.

Nytt av året var at me stilte med vaktkoordinator for øvrige frivillige vakter som også koordinerte PSS sine ordensvakter. Slik kompetanse er etterspurd og me har kompetanse i korpset til å kunna gjennomføra denne oppgåva. Me stiller oss positive til å halda fram med dette. Utleidd vaktkoordinator frå oss, var uniformert som ein vanleg vakt og hadde overordna ansvar for RK-personell, vektarar og andre frivillige tilknytt adgangskontroll og orden.

I tillegg til desse oppgåvene hadde me ansvar for vasstilførsel til alle standande på dagtid under festivalen. Her har enkeltpersonar lagt ned ein enorm innsats, noko me er svært takksame for.

Kongeparken

Gjennom heile landstreffhelga bidrog me med to lag til sanitetsvakt. Her fekk medlemmane ei lærerik helg med mengdetrening i hjelpekorpsdisiplinar, førstehjelp og sambandsteneste. Me lærer mykje under dette arrangementet og ser fram til å delta på denne i 2017 og.

Oppgradering av utstyr

I 2016 har me hatt fokus på oppgradering av utstyrsparken og i oktober sponsa mange lokale bedrifter oss med pengar og utstyr til mannskaps/redningsbilen vår. Denne sponsinga set me svært stor pris på. Det betyr mykje for oss å ha slik støtte frå lokalsamfunnet.

Ei anna stor investering me har gjort i 2016 er innkjøpet av ein ny båtmotor. Det har gjort at me i 2016 også vart operative med båt. Båtmotoren vart finansiert av Sparebankstiftinga SR-bank og midlar frå Rogaland Røde Kors sitt transportfond.

Økonomi

Mykje av tida til styret har gått med til inntektsskapande arbeid, og me framstår i dag endå meir robuste enn tidlegare år. Dette gjer at me i framtida kan prioritera innkjøp av naudsynt utstyr og gjennomføra andre tiltak for å hevja kompetansen i Hjelmeland Røde Kors. Slik kan me bruka mindre tid på kontoret og meir tid til det med er her for; Å hjelpe dei som treng det mest!

Me vil for 2016 retta ei spesiell takk til:

Sparebank1 SR-stiftelsen

Årdal Landbruk

Jansen Betong

TS Stangeland maskin

Enkel bygg og butikk

Hjelmeland Brannvesen

Sør-vest Politidistrikt

Redningsselskapet

Norsk Folkehjelp

Hjelmeland sparebank

Njål Hetlelid

Grunneigerar i vårt virkeområde

Øvrige samarbeidspartnarar, sponsorar og oppdragsgjeverar

Med dette takkar me for 2016 og ser fram til eit nytt og innhaldsrikt 2017.

